



Til sokneråd, kyrkjelege fellesråd, prostar, bispedømeråd

Kyrkjevalet 2015

Endringar knytte til prøveordning med eitt sokneråd for fleire sokn

Endra vedtaksmynne – rutinar for forlenging av eksisterande forsøk

Sidan soknerådsvalet 2005 har det gått føre seg prøveverksemd med eitt sokneråd for fleire sokn, i medhald av lov 7. juni 1996 nr. 31 om Den norske kirke (kyrkjelova) § 5 fjerde ledd. Departementet med ansvar for kyrkjesaker har hatt vedtaksmynne knyttta til desse forsøka. Kyrkjerådet har vore høyningsinstans før vedtak vart gjorde i sakene, og Kyrkjerådet fekk òg fullmakt til å forlenge igangsette forsøk med ein ny valperiode både i 2008 og 2010.

Kulturdepartementet har i brev av 15. desember 2014 gitt Kyrkjerådet mynde til å godkjenne søknader om forsøk med eitt sokneråd for fleire sokn. Dette medfører òg at søknader om forlengingar eller avvikling av slike forsøk blir handsama av Kyrkjerådet utan fleire fullmakter frå departementet. Departementet har lagt til grunn at Kyrkjerådets vedtak i slike saker vil kunne leggjast fram for departementet.

Nye rutinar for forsøk med eitt sokneråd for fleire sokn

Kyrkjerådet sende i rundskriv 4-14 (Om Kirkevalget 2015) ut ein del informasjon om prøveordninga som no ikkje lenger er gjeldande. Etter den nemnde overføringa av mynde skal søknader om nye forsøk sendast Kyrkjerådet som rette sakshandsamar og vedtaksorgan (med kopi til bispedømerådet), og ikkje til departementet som tidlegare. Dette rundskrivet kjem i staden for brevet til prøvesokneråda som blei varsle i rundskriv 4-14.

Krav til innhald i søknader om nye forsøk

I rettleiinga frå departementet stod det at ein søknad måtte innehalde:

- omtale av prosessen i førevegen, og føremålet med forsøket
 - vedtak i sokneråd om å söke om forsøk
 - fråsegn frå soknemøtet
 - fråsegn frå prosten der synspunkta frå prestane kjem fram
 - informasjon om representasjon frå dei ulike sokneråda
 - omtale av korleis økonomiske tilhøve og rekneskapsføring skal vere mellom partane i prøveperioden, og korleis dette er tenkt etter at forsøket er avslutta
- Kyrkjerådet vil ikkje no endre mykje på krava til innhald i søknader, men har sett at det i tillegg er to tilhøve som bør tematiserast i søknaden:
- Kva som er tenkt som namn på det nye rådet
 - Dersom forsøk er kommuneovergripande, må det òg seiast noko om korleis fellesrådsfunksjonane er tenkt ivaretakne i prøveperioden

Forsøk som alt er sette i gang

Forsøk som alt er sette i gang, har ved slutten av ein valperiode tre utvegar:

- 1) Forsøket blir avslutta, og ein går attende til vanleg ordning med eitt sokneråd i kvart sokn
- 2) Forsøket blir avslutta fordi sokna som er involverte i forsøket blir slegne saman til eitt sokn
- 3) Forsøket blir forlenga endå ein valperiode

Kyrkjerådet ønskjer no snarast råd å få utarbeidd ein oppdatert status over alle forsøka. Dei stadene der ein er innstilt på å avslutte forsøket og gå tilbake til vanleg ordning med eitt sokneråd i kvart sokn, er det ikkje noko krav om vidare sakshandsaming. Vi ber likevel om at eventuelle prøvesokneråd der dette er situasjonen, sender ei melding til Kyrkjerådet om dette innan 1. mars, gjerne med ein omtale av kvifor ein ønskjer å avslutte ordninga.

Vedtak om samanslåing av sokn er det bispedømeråda som har fullmakt til å gjere. Reglar om dette er framsett i *Delegasjon av myndighet til å foreta enkelte endringer i sokneinndelingen og til å treffen visse bestemmelser om kirkebokføring* (<http://kirken.no/nb-NO/om-kirken/slik-styres-kirken/lover-og-regler/delegasjon-av-myndighet/>). Kyrkjerådet er alt blitt involvert i fleire saker der det blir planlagt samanslåingar av sokn, men ber likevel alle prøvesokneråd som veit at det blir planlagt soknesamanslåing å sende ei melding om dette til Kyrkjerådet innan 1. mars 2015.


Mange av prøvesokneråda melder tilbake at ordninga fungerer godt, og vi har fått mange spørsmål om korleis det kan bli mogeleg å gjere samanslåinga av råda permanent utan å gjennomføre ei fullstendig soknesamanslåing. Kyrkjelova gir i dag ikkje høve til dette. Løysinga for desse forsøka er å söke om forlenging for endå ein valperiode. Så lenge det er ei forlenging av forsøket utan nokre endringar, er det nok å vise til eit vedtak om ønskje om forlenging. Dersom det er endringar i samansettinga av rådet og/eller rådets funksjonar/fullmakter, er det viktig at dette blir omtalt i söknaden, og at tilstrekkeleg dokumentasjon er vedlagt. Ny söknadsfrist for å söke om forlenging er sett til 1. mars 2015.

Mange felles sokneråd i denne ordninga har gjennomført forsøk heilt sidan 2005. Kyrkjerådet ønskjer i komande valperiode å følgje tettare dei forsøka som er blitt forlenga fleire gonger, og bistå slik at forsøka kan kome til ei avklaring. Det er viktig at forsøk av denne typen får ei lang nok prøvetid, men det er samtidig viktig å halde fast på at dette er ei prøveordning som ikkje kan bli forlenga i det grenselause. Ei evaluering av ordninga er planlagt gjennomført før sommaren.

Oslo, 11. februar 2015

Jens-Petter Johnsen

direktør

Anders Backer-Grøndahl Eide

seniorrådgiver (prosjektleder Kirkevalget 2015)